ALVER
KOMMUNE

Fløysand Va AS
Fløksand
5918 FREKHAUG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Linda Hammersvik Folkestad | 26.10.2020 |
| Vår: 20/17012 - 20/67689 | linda.folkestad@alver.kommune.no | |

# Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknad om ferdigmelding tilknyting kommunalt vatn - gbnr 342/22

| | |
|---|---|
| **Tiltak:** | Tilknyting kommunal vassleidning |
| **Byggestad:** | Eikelandsvegen 166 – Gbnr 342/22 |
| **Tiltakshavar:** | Harald Skogheim |
| **Ansvarleg søkar:** | Fløysand Va AS |

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 15.10.2020.

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonsplan med innmålingsfata som bygd/sosifil. Situasjonsplanen skal visa rørføring frå veggliv til tilkoplingspunkt kommunal vassleidning. Stoppekran skal være vist på situasjonsplan/teikningar. Teikning skal innehelde opplysningar som gir grunnlag for berekning av gebyr.

2. Det må sendast inn kopi av tinglyst rett til å ha privat stikkleidning over Gbnr 342/8, frå eigedomsgrensa og fram til privat felles leidningsnett (jf. «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp – Administrative bestemmelsen» kap 2.3).

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 05.11.2020. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før inn-sending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saks-gangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

**Private anlegg:**
Ferdigmelding for private slamavskiljaranlegg skal handsamast av Miljø og tilsyn. Søknads-skjema KF-569 kan ikkje nyttast til dette føremålet. Ta kontakt med miljø og tilsyn for meir informasjon. Miljø og tilsyn kan kontaktast på e-post miljo@alver.kommune.no eller på telefon 56 37 50 00.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Harald Skogheim | Våganeset 21 | 5106 | ØVRE ERVIK |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fløysand Va AS | Fløksand | 5918 | FREKHAUG |